

Til Radøy Kommune

REVISORS BERETNING VEDRØRANDE KOMPENSASJONSOPPGÅVE FOR MEIRVERDIAVGIFT

Vi har revidert Radøy kommune si kompensasjonsoppgåve for 2. termin 2016, som viser eit kompensasjonsberettiga beløp på kr 2 072 261. Oppgåva er utarbeidd av leiinga på bakgrunn av lov om kompensasjon for meirverdiavgift for kommunar, fylkeskommunar mv og tilhørande forskrift.

Leiingas ansvar for oppstillinga

Leinga er ansvarleg for utarbeiding av kompensasjonsoppgåva i samsvar med lov om kompensasjon for merverdiavgift for kommuner, fylkeskommuner mv. og tilhørande forskrift. Leinga er og ansvarleg for slik intern kontroll som dei finn nødvendig for å gjere mogleg utarbeiding av ei oppgåve som ikkje inneheldt vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misligheter eller feil.

Revisors oppgåver og plikter

Vår oppgåve er å gi uttrykk for ei meining om kompensasjonsoppgåva på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med god revisjonsskikk i Norge, her under internasjonale revisjonsstandardar. Desse standardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og utfører revisjonen for å oppnå forsvarleg sikkerheit for at oppstillinga ikkje inneheldt vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber å utføre handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i kompensasjonsoppgåva. Dei valte handlingane er avhengig av revisors skjønn, her under vurdering av risiko for at kompensasjonsoppgåva inneheldt vesentleg feilinformasjon, enten det skyldes misleghald eller feil. Ved ei slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for einingas utarbeiding av kompensasjonsoppgåva med det føremål å utforme revisjonshandlingar som er hensiktsmessig ut frå omstende, men ikkje for å gje uttrykk for ei vurdering av effektiviteten i eininga sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei anvendte rekneskapsprinsippa er hensiktsmessig.

Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Konklusjon


Etter vår meining er Radøy kommune omfatta av kompensasjonsordninga, og det oppgitte beløp gir rett til kompensasjon i samsvar med lov om kompensasjon for meirverdiavgift for kommunar, fylkeskommunar mv. og tilhøyrande forskrift.

Avgrensa distribusjon

Denne revisjonsmeldinga er utarbeidd for å hjelpe kompensasjonsberettiga einingar med å oppfylle krava i forskrifta og er ikkje eigna til andre føremål. Vår revisjonsmelding er kun berekna på Radøy kommune og Skatteetaten og skal ikkje distribuerast til andre partar.

Isdalstø, 08.06.2016

NORDHORDLAND REVISJON IKS


Reidar Bjørsvik
Revisjonssjef